



## **PEDAGOGISK PSYKOLOGISK TENESTE FOR YTRE SOGN OG -SUNNFJORD**

---

PPT er ei sams PP-teneste for åtte kommunar og Sogn og Fjordane fylkeskommunen. Sju kommunar i Ytre Sogn og –Sunnfjord. I tillegg Masfjorden kommune i Nord Hordaland. Dersom det er trong for det, kan fleire fagpersonar koblast inn for å gje fullverdig utgreiing og hjelp til eleven/barnet.

### **Tilsette er tverrfagleg samansett og har fagkunnskap i høve:**

- Pedagogisk kompetanse
- Psykologisk kompetanse
- Sosialfagleg kompetanse

### **Kva gjer PPT.**

- PPT er skulen/ barnehagen sin ”sakkunnige instans.” Dei er skule og barnehage sin næraste samarbeidspart i spørsmål som gjeld læring og trivsel for elevar/ barnehageborn.
- PPT føretek utgreiingar kring fagvanskar eller andre vanskar hjå born og ungdom. Dei gjev råd til lærarar, barnehage-tilsette og foreldre om undervisningsopplegg.
- PPT samarbeider nært og har pedagogiske drøftingar med rektor, rådgjevar, barnehagepersonell og kontaktlærarane på skulen. Dei vitjar og klassar/ barnehagar.
- PPT arbeider med elevar som kan ha ulike vanskar, både med seg sjølv og i tilhøve til andre.
- Før PPT kan møte elevar under 15 år, må det fyrst fyllast ut eit tilvisingsskjema med foreldra si underskrift.

### **Korleis ta kontakt.**

Når foreldra ynskjer kontakt med PPT er det vanlegast at dette vert ordna gjennom skulen eller barnehagen. Foreldra har og høve til å kontakte PPT direkte ved å nytta telefonnummera som står nedanfor.

PPT sin kontaktperson ved **Holmedal montessoriskule** er **Vigdis Løberg**, tlf.nr.: **57 73 33 90**

### **Samarbeid med andre.**

PPT samarbeider med dei andre hjelpeinstansane i kommunane (helsestasjonen, legane, sosialkontor, fysioterapeutane) og på fylkesnivået med t.d. Sentralsjukehuset (psykiatrisk poliklinikk og barneavd./barnehabilitering) PP-tenesta kan difor hjelpe deg med å kome i kontakt med desse instansane.

### **PPT kan kontaktast i høve**

- - generell utvikling hjå barnet
- - psykisk helse hjå barnet
- - familevanskar
- – den sosiale og emosjonelle utviklinga
- – språkutviklinga
- – åtferdsvanskar
- – lærevanskar
- – konsentrasjons- og merksemdsproblem
- – lese- og skrivevansker
- – matematikkvansker

PP-tenesta er gratis for elevane og foreldra.

Alle som arbeider i PPT-tenesta har teieplikt.

Postboks 12  
6961 Dale i Sunnfjord  
Tlf.: 57 73 80 32 / 57 73 80 00  
Fax: 57 73 80 01

Askvoll ktr.: Askvoll skule,, 6980 Askvoll  
Gulen ktr.: 5966 Eivindvik  
Høyanger ktr.: Oppvektstoktoret, 6991 Høyanger  
Solund ktr.: 6921 Hardbakke

Balestrand ktr.: Postb. 73 6898 Balestrand  
Hyllestad ktr.: 6957 Hyllestad  
Masfjorden ktr.: 5981 Masfjordnes